

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 4

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Avaldsnes

Emne:

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie

Gard: Skeie Meland

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 35 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Svara er etter det eg sjölv hugsar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eg er 62 år, er oppvaksen i bygda. Har drive som forretningsmann (og gandbrukar).

Spm. 1.

SVAR

Eg har aldri hört at nokon hadde handkvern her i bygda. Kvart gardbruk hadde tidlegare si eiga bekkje-kvern. I mi tid har dette teke slutt. Det var fleire av dei som gjekk i min ungdom.

Den vanleg malingsmåten både før og no er å sammala det. Ha vre og bygg (det vert helst kalla for renkådn) har alltid vore dei vanlege kornsorter her. Havrekaka var tidlegare det vanlege til mat (molne kokte poteter saman med havremjöl). "Renkodnekaka" var rekna som noko finare. Kunde sume av og til ha meir eller minder rugmjöl i, vart det helst "sundagsmat". Når bygdemylnene kom fekk ein byggen gjerne "spissa" eller ein fekk reint "grynmjöl". Dette var fine saker.

Spm. 2.

Når ei kvern mol därlegt vart mjölet gjerne sikta etterpå i ei handsikt. Det som vart sikta or gjekk til krettura.

Spm. 3

Eg har inga opplysing om dette.

Spm. 4.

Eg har hört nemna - i mi ungdomstid - namnet "grön" for alle mjölsorter.

Spm. 5.

Det mest vanlege brød her er "fint" og "Halvfin" brød. I mi ungdomstid kalla ein dei for "tollsjelingsbrød" eller "tollsjelingsstomp". Det "fine" er av sikta rugmjöl og vatten (i gamle dagar med det helst brukast "Svarte-havsrug"). Det "halvfine" vert tilsett med noko grovmale mjöl og litt sirop. Så hadde ein "Flate" brød, same dei-gen som til "fine" tilsett sirop. Dei hadde same lengd som tollsjelingsstompen (omlag 40 cm.) var omlag 15 cm. breide og omlag 5 cm. høge. "Vittenberg" vart laga av finaste sortt kveitemjöl (helst Gold Medal), av og til litt mjölk i. Dei var omlag 30 cm. lange, rundaktige 10 cm. i diam, gjerne med skorne sprekker på skrå på skorpa. "Frökenröd" var runde med diam. 20 - 25 cm. 5 cm. høge - av fint kveitemjöl med litt sukker og smör (og gjerne litt mjölk, og litt rosiner. "Vörterbröd" på skap som Frökenbröd, laga av deigen til Flate brød men tilsett rosiner. "Ambrosiabrö" av fint kveitemjöl og med sukkat og rosiner. "Julabrö" som Ambrosia men med meir "godt" i t.d. smör og sukker. "Heitevegg" var runde som Frökenbröd, men mindre, laga av deigen til Vittenberg, helst kalla for "sjelingskaker". "Siropskaka" var og "sjelingskaka" var laga som Heitevegg tilsett sirop. "Lösebrö" var på skap som sjelingskakene men var laga av deigen til Fint bröd.

Spm. 6. Ein brukar for tid her helst "fint", "halvfint" "grovtt" og "vittenberg" (kveitebrød). Til helg og fest kjem det til mange slags - serleg heimebakster - som eg ikkje kan gjera greie for. Blaute kaker - fløytekaker, smörkaker - osv. i så å seie utallige variasjonar, vert no bruks mykje til helg og fest. Hertil kjem eit utal av variasjonar på småkaker, bakkels og l.

Lefsa og Hardingkaka (Kråtakaka) har frå uminneleg tider vore bruks. Tidlegare var det meir vanleg kost, no etter kvart vert det meir berre til fest. Svenskekake og Nordlandslefse kjenner ein ikkje til.

Spm. 7.

Det er vanleg at det finns småkaker i huset - "bakkelse" som vert göymt i tette boksar, der det held seg som nybakt i lange tider. Det er serleg desse sortene: "Krumkaker", Gorå", "Siropssnippar", "Smörkrans", "Havremakroner" o.a. og dessutan til jul "Fatigmann" og "Hjortetak".

Spm. 8.

Glokake kjenner ein ikkje til her.

Spm. 9.

Flatbød vert baka av sammale havremjöl. Skal det ver sers godt har ein poteter i knöa. Det vart baka berre ein sort brød til alle slags bruk.

Baking av flatbrød er det no så å seie slutt på. Det er gått over til fabrikkлага brød, som vert kjøpt i pakkar.

Spm. 10. Knekabrød kjenner ein ikkje til.

" 11.

Det ferdigbaka flatbrödet heiter "leiv" både før og etter det er steikt. Om deler av eit omnssteikt brød sører ein alltid "sjøva" og ikkje leiv.

Spm. 12.

Lefsa vert lagd av kokte poteter - molne på potekvern (eller kjøtkvern) og sikta rügmjöl. Når lefsa er steikt vert leiven oversmurt med ei blanding av egg og mjölk (eller råmjölk).

Ein seier at lefsa vert "klint" eller "smort" (Ein kan ha liggjande "påklinte" eller "påsmore" lefsa.

I lefsa er siktamjöl i flatbrödet havremjöl.

Krotakaka er av same deigen som lefsa, men deigen vert tilsett gjær og ver ved bakinga utbaka med eit serskilt kjevle.

Av og til vert det baka "sumjelslefsa". Det vert bruks sur mjölk, eller saup, kvitemjöl, natron og sukker og smör. Krotakjevlet vert helst bruks.

Spm. 13.

Om bretting hugsar eg berre frå mi barndomstid når mor skulde nista mannofolka ut til vårsildfisket. Lefsa og faltbröd skulde sendast med. Brödet og lefsa vart då påny lagt på helle. Deii skulde "lunna" det, og dei la det alltid i fire. Noko serlegt namn på denne "operasjonen" hugsar eg ikkje. Men dei det samanlagde brödet i ei rua og la noko tungt på det "la det i farg" trur eg mor sa.

Spm. 14. Om dette har eg lite å seie.

" 15 Do. Do.

" 16. For å sjå om deigen er utgjært stikk dei her no helst fingeren noko ned i deigen. Går holet ut att er deigen ferdig.

Landsfolket (böndene) brukar gjerne bröd som er nokre dagar gamalt. Fabrikkarbeidarar o.l. vil gjerne ha det ferskt kvar dag.

Spm. 17 og 18. Har lite å seie.

" 19. Den gamle bakinga på lefse og flatbröd gjekk føre seg i kjellaren ~~før~~ hjå dei som det hadde. Dei som ikkje hadde kjellar, brukar eldhuset. Bakaromnar har ein her ikkje hatt ute på bygdane før no i den siste tida.

Desse bakaromnane var dei vanlege støypte komfyrane med bakaromn i. Til å byrja med var det berre komfyrar for fyring - torv, ved, kol og gjerne lyng - no etter kvart vert det på våre kanter berre elektriske bakaromnar. Murte bakaomnar - inne eller utanfor veggen - har eg ikkje aldri hört gjete her.

Flattbrödet vart steikt på hella i gruene tidlegare. No er det elektriske plater også til dette bruket, men det er svert lite flattbröd som vert laga no - heime.

I bakaromnen var det "stomp" dei baka - altså vanlege bröd - grove eller fine - som ein etterpå skar skjever av når ein åt.

20). Eg har aldri hört at fleire har ått bakaromn i lag. I min barndom var det like vel svert få som hadde bakaromn. Til vanleg mat brukta dei "kaker" - potatkaker - og dei vart steikte på bakstehedlå. Til jul skulde alle ha "bakkelser" o.l. og det var liksom litt meir gjevt med heimebakt bröd til ymse helgar. Grannane gjekk då ofte til han som hadde bakaromn og fekk steika der. Dei kunde gjerne koma med brenne med seg til dette bruket.

Det var berre til gode vener dei gjekk på den måten og det vald aldri tale om serleg godtgjerdslle for dette.

21). Som nemnt før, vart det brukta så ymse slags brenne. Dei brukta det dei hadde. Men til all baking vart lyng rekna som god "illing" avdi den "heta" så fort og kvassst og det var så greitt å ordna varmestyrken på den måten.

Om merke på varmegraden har eg ikkje hört noko serleg.

Eg har ikkje kjennskap til annan måte å brukta når omnene er for varm, enn å setja opp omnsdöra ei tid.

22). Ved baking i den slags omnar som eg har nemnt, vart bröda lagde på plater (jernplater), og det var ikkje tale om serleg reingjering mellom baksterane.

23). Fell bort for denne slags omnar.

24). Eg höyrde tidlegare tale om at den og den baka i ei gryte, men eg kjenner nok ikkje nærmare til korleis det gjekk före seg.

25). Grisling av bröd vert berre gjort av fag-bakarane. Grisling var å halda brödet på ei fjel i sjölv varmen.

26). Det er berre kringler som vert koha för kakkinga steikinga. Det er fag-arbeid som eg lite kjenner til.

27). kjenner ikkje til dette.

28). Flattbröd, som dei tidlegare helst berre baka ein gong for året, bar dei på loftet - eller i bua hjå dei få som hadde det - og la det i store "ruer" - la leivane oppå einannan i store ruer. Dei breiddde gjerne eit teppe e.l. over. Då stod det seg. Anna bröd kunde göymast opptil ei veke. Dei hadde det gjerne i holk. Best var det med eit blekk-skrin (av jernblekk). Små finare kaker og bakkelser har alltid vorte göymde i "kokeboksar" - blekkboksar.

29). Kjenner ikkje til dette.

30). Serleg til jul var det ymse slags krotingar o.l. Bakarane laga "julajeit" og "halve månar" og "menner" og "koner". Det var visst helst kveitemjöl og mjöl det var laga av - tilsett litt sukker og kanel. I jeitene og månanane var gjerne litt syltety eller anna godt innlagt midt inni. "Månen" var berre ei halv sirkelflate med omlag 20 cm. diam. og lat oss seie 3 cm. tjukk. "Jeita" var nokoliknande, men litt breidare på midten. Både i

"jeitå" og i "måen" var gjerne eit par rosiner i kvar ende.

Alt dette var det bakarane som laga.

Heime i stovene laga dei ~~fatibakkelse~~ "fatibakkelse" "kromkaker" og "gode råd" ("goro") og anna slikt. Det er no helst i seinare tid ~~att~~ at det har vorte noko større av det. I mi barndoms tid var det no helst lefsa ("lepsa") som det gjekk med til helgene. Når det så kunde lagast noko "ftigmenner" attåt, var det på toppen. Men så steikte dei til dei store helgene "julakaker" det var potetkaker med serleg godt mjöl i og dertil aniskrydder. Så laga dei "pannekaker". Det vert elles for ein stor del brukta enno. Pannekakene steiker dei på hella av "jevning" med ymse slags godt i. Ein brukar så potetkaka med smör og sukker på og så pannekaka oppå det. Det er for resten svert godt den dag i dag - tykkjer eg.

31). Dette gjeld visst "pannekakene" som eg har nemnt ovanföre - pkr. 30) - De får sjå der. Det var berre helga-kost. Desse pannekakene kan göymast nokså lenge.

32). Kjenner ikkje til det.

33). Vaffelkakene har me brukta så lenge eg kan minnast. I den fyrste tida höyrde det serleg til gjestebods og helga-kosten. Etter kvar er det vorte meir og meir vanleg. "Goro" höyrde me lite gjete i mi barndomstid. Seinare har dei vorte meir vanlege.

Kakeröra vert kalla for "jevning".

Som nemnt ovanföre, brukar dei - både før og no - aniskrydder i potetkakene til helgene - serleg til jul.
Nödbröd.

Eg har ikkje höyrt serleg tale om dette på våre ~~kant~~ kanter. Eg går difor ikkje nærmare inn på spørsmåla
34 - 41.

Avaldsnes den 19/6 1951